



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref: 24/684	Dykkar dato: 21.03.2024	Vår ref: 24/9646 - 24/62672	Vår saksbehandlar: Kirsti Hjelme Connor -	Dato: 02.05.2024
--------------------	-------------------------	-----------------------------	---	------------------

## **Innspel frå det Regionale partnerskapet for landbruk i Møre og Romsdal - Oppskrift for meir lokalmat og -drikke**

Møre og Romsdal fylkeskommune vil på vegne av det Regionale partnerskapet for landbruk i Møre og Romsdal kome med følgande innspel til korleis vi kan auke omsetninga av lokalmat og -drikke. Det regionale partnerskapet i Møre og Romsdal består av: Møre og Romsdal fylkeskommune, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Innovasjon Norge, Møre og Romsdal Bondelag, Møre og Romsdal Bonde- og Småbrukarlag.

### **Utfordringar for lokalmatnæringa i dag, og kva som skal til for å få ei positiv utvikling framover**

- Mange lokalmatprodusentar manglar system for distribusjon og sal av det dei produserer – utover det salet dei står for sjølve. Lokalmatprodusentane produserer i stor grad utanfor dei etablerte samvirke- og distribusjonssystema.
- Kan samvirkeorganisasjonane ta eit større ansvar/oppdrag med å ivareta utfordringane som lokalmatprodusentane har når det gjeld mellom anna logistikk, mottak og distribusjon?
- Tilgang til butikkane er eit vedvarande problem for lokalmatprodusentar. Somme butikkar opnar for små innslag av lokalmat (men ofte utan at han er lokal ved at han er produsert i nærregionen til butikkane). Sterke kjedekonsentrasjonar og stor kjedemakt styrer kva høve kjedebutikkane har til å ta inn varer utanfor kjedesystemet.
- Betre tilgang til storkjøkken og restaurantar er eit ønske frå mange lokalmatprodusentar – og der det er etablert samarbeid, fungerer det veldig godt. Her trengst møteplassar der kjøkensjefar og produsentar kan komme saman, og det er nødvendig med distribusjonssystem for varer.
- Dei fleste kommunale/offentlege kjøken har innkjøpsavtalar som hindrar direkte innkjøp av lokalmat og lokalt produserte råvarer. Slike kjøken er i høgste grad aktuelle kundar for lokalmat. Klargjering av reglane kring offentlege innkjøp kan hjelpe innkjøparane til å handle meir lokalmat og lokalt produserte råvarer.

- Mangel på kunnskap om kva som trengs for å begynne å produsere lokalmat kan vere ei utfordring for fleire. Dette inneber manglande kompetanse på til dømes kor ein kan innhente kompetanseheving, kva økonomiske støtteordningar ein kan søke om, sals- og marknadskompetanse, merkevarebygging og marknadsføring. Å auke løyvinga til kompetansenettverka for lokalmat vil kunne gi ytterlegare kompetanseheving til lokalmatprodusentar.
- Det økonomiske handlingsrommet til bonden i dag, gjer det utfordrande økonomisk og tidsmessig for mange å starte opp med lokalmatproduksjon.

### **Korleis kan ein sikre forbrukarar i heile landet tilgang til lokal mat og drikke?**

- Mange stader er det vanskeleg for lokalmatprodusentar å kome inn i etablerte salskanalar. Det er behov for å arbeide fram sentrale avtalar som gjer det enklare for butikkane å ta inn lokalproduserte produkt og råvarer.
- Utvikle nye salskanalar og salskonsept – Rekoringar fungerer ikkje overalt, det gjer heller ikkje Bondens marked.

### **Korleis kan verkemiddelapparatet vert innretta for å støtte opp under omsetningsmålet?**

- Det må nyttast midlar på mobiliseringstiltak.
- Styrke kompetansenettverka for lokalmat, dei er av dei viktigaste aktørane med kontinuitet i lokalmatmiljøet. Alle kompetansetiltak bør samlast til nettverka, også det som gjeld marknadsutvikling.
- Sikre at det finnes finansieringsordningar og gjere dei meir kjend.
- Ein felles definisjon for omgrepet lokalmat er sakna. Mattilsynet har til dømes ein tydeleg definisjon på lokalmat: «matproduksjon og servering som er nær knytt til råvareprodusenten, anten på eigen gard, seter, utmark/fiskevatn eller i nærområdet. Produksjonen skal ha preg av handverk og vere av mindre omfang.»
- Går ein ut frå Mattilsynet sin definisjonen på lokalmat, vil lokalmat i stor grad vere knytt til mindre bruk og produsentar innanfor landbruket, og det vil vere mogleg å målrette tilskotsordningar mot mindre bruk – som til dømes Grøntutvalet for Vestlandet foreslår for grønsaksproduksjon på mindre areal. Det same kan ein gjere både for mjølk- og kjøttproduksjon. Dette handlar i stor grad om kor sterke strukturverkemiddel ein ønskjer å bruke i støtteordningane over jordbruksoppgeret.
- Innføre/styrkje tilskotsordningar i jordbruksavtalen som er direkte innretta mot produsentar som produserer for lokalmatsektoren.
- Målretta støtte til å utvikle både distribusjons- og salsordningar for lokalmat – der produsentane i stor grad står aleine om både marknadsføring, distribusjon og sal mange stader i landet.

### **Beredskap og lokal matproduksjon**

- Det er også behov for, i ulike samanhengar, å forsterka koplinga mellom beredskap og lokal matproduksjon. Like viktig som å ha matlager handlar matsikkerheit også om å ta vare på kunnskap om råvareproduksjon og foredling.

Med helsing

Eivind Vartdal Ryste  
seksjonsleiar

Kirsti Hjelme Connor  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

Kopi til:

Innovasjon Norge Møre og  
Romsdal

Møre og Romsdal Bonde-  
og Småbrukarlag

Møre og Romsdal bondelag

Statsforvaltaren i Møre og  
Romsdal